

Slik vert Aktivitetsparken.....

07.11.2015



Her vert det verkeleg GULL AV GRUS!

Arbeidet med byggetrinn 2 i GULL AV GRUS-prosjektet går no for fullt. No er det Sverre Myklebust Maskinstasjon AS som har overtatt maskinarbeidet etter at Br. Musland Maskin AS hadde hovudansvaret på trinn 1, kunstgrasbanen. Arbeidsgruppa for prosjektet er svært glade for dei gode entreprenørane vi har i bygda.



Arbeidet med byggetrinn 2 er godt i gang.

Øverst ser de den siste teikninga av prosjektet. Det er berre å klikka på biletet for å få det i større format. No er det altså arbeidet rundt kunstgrasbanen som står for tur. Der kjem turstiar, aktivitetsapparat og sitjegrupper der ein kan setja seg ned, bruka bålpanna og verkeleg slappa av og nyta livet.

Det vert også buldreanlegg, tarzanløype og skatepark. Skateparken er i byggesteg 4, men her kan dei unge glede seg over ein liten 'tjuvstart'. Torsdag kom dei første elementa til skateparken. Dei vart plassert på den asfalterte delen av skuleplassen ved sida av Aktivitetshuset. Dermed er det klart til bruk. Når den tid kjem vert elementa flytta til skateparkområdet som ligg i nærleiken av der inngangen til grusbanen har vore. Då vert det også investert i fleire element.

Aktivitetsparken kjem til å verta eit flott område sentralt i bygda. Her er det tenkt på at alle aldersgrupper skal kunna møtast til sosial og fysisk aktivitet. Dei som står i bresjen for det og andre gjer ein svært viktig og stor dugnadsjobb.



Det er alt klart for skating på skuleområdet.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland

Foto: Johannes Hjørnevåg og Thor Inge Døsland